



**Midt-Telemark  
kommune**

# Samfunnsdel

av kommuneplan for Midt-Telemark kommune  
2019 - 2031





Foto: Knut Utler



# Innhold

|                          |    |
|--------------------------|----|
| 01. Forord               | 4  |
| 02. Visjon               | 5  |
| 03. Utviklingstrekk      | 6  |
| 04. Satsingsområde       | 8  |
| 05. Arealstrategiar      | 16 |
| 06. Oppfølging av planen | 18 |

# “Vi skaper framtida saman”

## 01

### Forord

**Kommuneplanen er det viktigaste styringsdokumentet for kommunen, og mål og strategiar i denne skal følgjast i all kommunal verksemd.**

Sauherad og Bø kommunar slår seg saman til Midt-Telemark kommune frå og med 2020. Saman skal kommune, næringsliv, kompetansmiljø og innbyggjarar skape framtida i ein region i sterk utvikling.

Dersom ein skal lykkast i å løyse dagens og framtidige utfordringar og forsterke positive utviklingstrekk, er ein avhengig av å arbeide langsiktig og strategisk etter eit tydeleg planverk.





## 02

### Visjon

**I Midt-Telemark kommune skal VI på tvers av alder, bakgrunn og geografi saman skape ei framtid for dei som lever her .**

---

Ein visjon kan vere eit uforpliktande ønske, ein laus draum om korleis lokalsamfunnet ser ut 10-15 år fram i tid eller ein konkret målsetting; eit bilete på kva ein ønsker å få til gjennom langsiktig arbeid utifrå vedtatte mål og strategiar.

Visjonen for Midt-Telemark tar utgangspunkt i intensjonsavtala som blei vedtatt for samanslåing av Bø og Sauherad kommunar.

Ein skal i planperioden skape noko nytt saman, ei felles framtid. Visjonen peiker på kva verdiar og praksisar som skal ligge til grunn for arbeidet i ny kommune.

# 03

## Utviklingstrekk

**Midt-Telemark kommune er i vekst, og prognosane tilseier eit innbyggartal på om lag 12000 innbyggjarar mot slutten av planperioden. Ein høg andel av arbeidsplassane er knytt til industri, landbruk og besøksnæringar, og Universitetet i Sørøst-Norge med sine 3000 studentar på Campus Bø utgjør ein motor for utvikling i regionen.**

### **Befolkningsvekst og nye arbeidsplassar**

Sauherad og Bø kommunar har hatt ulik demografisk utvikling. Bø har opplevd sterk befolkningsvekst over lang tid, saman med vekst i arbeidsplassar, både innanfor offentleg og privat sektor. Veksten har i all hovudsak skjedd i tilknytning til Bø sentrum.

I Sauherad generelt har både folketalet og tal på arbeidsplassar vore relativt stabilt, men Gvarv og Hørte har opplevd auke i befolkninga.

Prognosene for Midt-Telemark kommune tilseier fortsatt befolkningsvekst, og planen bygger opp under dette.

### **Universitetet viktig for utvikling**

Universitetet i Sørøst-Norge er ein viktig motor for utviklinga i området, og i dag er det om lag 2800 studentar ved Campus Bø i Bø sentrum.

### **Handel og kulturliv bidrar til attraktivitet**

Handelen i Midt-Telemark er i all hovudsak

konsentrert til Bø sentrum, som med stoppestad på Sørlandsbanen, urbane kvalitetar og eit rikt kulturliv bidrar til attraktiviteten i området.

### **Reiseliv og landbruksnæring**

Reiselivet er ei viktig næring i Midt-Telemark, der Bø Sommarland med i overkant av 150 000 besøkande i løpet av sommarmånadene gir store ringverknader.

Midt-Telemark har ei innovativ landbruksnæring som har markert seg tydeleg innanfor fruktproduksjon, og Midt-Telemark vil vere den største jordbrukskommunen i Telemark.

### **Levekårsutfordringar**

Andelen innbyggjarar over 67 år vil auke betydeleg i planperioden.

Dette betyr auka behov for mindre bueiningar nær tenestene og auka press på pleie- og omsorgstenestene.



Midt-Telemark har levekårsutfordringar knytt til at større andel barn veks opp i låginntektsfamilier her enn ellers i landet, og utfordringane knytt til aukande grad av sosial ulikheit er mange.

Auke i psykiske lidningar hjå unge og utfordringar knytt til einsemd gir behov for utvikling av helsetenestene og tverrfagleg arbeid med folkehelse og samfunnsutvikling.

#### **Sterk frivillig sektor**

Midt-Telemark har ein sterk og aktiv frivillig sektor som er vesentleg for utvikling av gode oppvekstvilkår og ein attraktiv stad å bu og leve.

#### **Framtidsretta arbeidsplassar og senterstruktur**

Midt-Telemark kommune skal vere ein stad der tillitsbasert og tett samarbeid mellom kommune, næringsliv, handel, turisme og kompetansmiljø knytt til universitetet fører til utvikling av nye, framtidsretta arbeidsplassar.

Dei to kommunane har ulik senterstruktur, og eit sentralt element i planarbeidet har vore å etablere ein framtidig senterstruktur for ny kommune.

#### **Tar klimautfordringar på alvor**

Hovudkjelda til klimagassutslepp frå Midt-Telemark er vegtrafikk. Gjennom Bygdepakke Bø og Sauherad arbeider kommunane saman for å redusere lokal biltrafikk og utvikle attraktive og klimavenlege sentrum.

Klimaendringar byr på utfordringar knytt til naturfare som skred, flaumfare og store vassmengder ved kraftige regnskyll, men temperaturauke og kortare vintersesong vil også gje konsekvensar for både landbruk og reiseliv.

# 04

## Satsingsområde

### Gjennom fire satsingsområde som bygger på visjonen “Vi skaper framtida saman”, skal vi utvikle både lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon.

FN har definert 17 berekraftsmål som utgjør den internasjonale planen for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. For Midt-Telemark kommune er det innanfor fire tverrfaglege satsingsområde konkretisert 21 mål for korleis lokalsamfunnet og kommuneorganisasjonen skal utvikle seg i planperioden. Dette er mål som støttar opp om dei berekraftsmåla som er mest relevante for Midt-Telemark kommune.

Under kvart satsingsområde er det definert langsiktige mål for korleis ein vil at Midt-Telemark kommune skal sjå ut i løpet av planperioden (slik vil vi ha det). Under kvart mål ligg det strategiar for korleis kommunen vil arbeide for å nå målet (slik gjer vi det).

#### Måla seier noko om kva ein vil innafør følgjande områder:

- Folkehelse
- Helse og velferd
- Oppvekst og utdanning
- Kommunen som lokal aktør og arbeidsgjevar
- Kompetanse
- Digitalisering
- Kultur, idrett og frivillighet

- Natur, miljø og klima
- Næringsutvikling og vekst

Det første året av planperioden står Bø og Sauherad kommunar ovanfor spanande og krevjande prosessar der to kommunar skal bli ein, og dei påfølgjande åra vil bli prega av arbeidet med å bygge ein ny kommune. Midt-Telemark kommune skal byggast som ein kompetent og handlekraftig organisasjon med auka bruk av digitale og tverrfaglege løysingar.

Måla for denne prosessen vil bli konkretisert i ein arbeidsgjevarstrategi, som vil gje konsekvensar for intern samhandling og kommunen si kontakt og dialog med omverdenen.

Midt-Telemark kommune vil, i arbeidet for å skape den gode framtida som vi alle ønsker, vere heilt avhengig av menneska som bur, arbeidar og på ulikt vis verkar i kommunen. God samfunnsutvikling krev eit tett og tillitsbasert samarbeid mellom kommunen og aktørar med ønske om å delta, og på fleire område er kommunen sitt beste bidrag å leggje til rette for ønska utvikling.



## Satsingsområde

|   |   |   |   |
|---|---|---|---|
| <b>SAMAN</b><br>Demokrati, identitet<br>og samskaping | <b>SKAPAR</b><br>Attraktivitet for<br>næring, bustad og besøk | <b>VI</b><br>Livskvalitet og<br>levkår  | <b>FRAMTIDA</b><br>Innovativt, smart og<br>grønt Midt-Telemark. |
| Langsiktige mål<br>- slik vil vi ha det               | Langsiktige mål<br>- slik vil vi ha det                       | Langsiktige mål<br>- slik vil vi ha det | Langsiktige mål<br>- slik vil vi ha det                         |
| Strategiar<br>- slik gjer vi det                      | Strategiar<br>- slik gjer vi det                              | Strategiar<br>- slik gjer vi det        | Strategiar<br>- slik gjer vi det                                |



# 1. SAMAN SKAPAR VI FRAMTIDA

## - demokrati, identitet og samskaping

| Slik vil vi ha det   | Slik gjer vi det   |
|--|--|
| <b>1.1</b> Innbygarar i Midt-Temark kommune opplever tilhøyrighet til ny kommune | 1.1.1 Sikrar medverknad i alle planar og i utviklingsprosjekt.   |
|  | 1.1.2 Sikrar barn og unge innverknad i saker som angår dei.  |
|  | 1.1.3 Legg til rette for naudsynt digital infrastruktur og kompetanse hos innbygarane.                                     |
|  | 1.1.4 Gir innsikt i prosessar, resultat og prioriteringar gjennom digitale løysingar.                                      |
|  | 1.1.5 Etablerer felles møteplassar for ungdom frå heile kommunen.  |
|  | 1.1.6 Har ein tydeleg grafisk profil i møte med innbygarane.   |
| <b>1.2</b> Midt-Telemark har ein sterk og aktiv frivillig sektor                 | 1.2.1 Kartlegg aktivitet i frivillig sektor og potensiale for samskaping med kommunen.                                     |
|  | 1.2.2 Samarbeider med frivillig sektor om forutsigbare rammevilkår.  |
|  | 1.2.3 Høyrer frivillig sektor i aktuelle saker.  |
|  | 1.2.4 Samarbeider og har regelmessig dialog med frivillige lag og organisasjonar.  |
| <b>1.3</b> Kommune, næringsliv og innbygarar har tillit til kvarandre            | 1.3.1 Kommuniserer tydeleg og opent med innbygarane og gir rom for deltaking.  |
|  | 1.3.2 Legg til rette for innsyn og openheit i besluttingsprosessar.  |
|  | 1.3.3 Etablerer forum for samarbeid mellom kommune, næringsliv og Universitetet i Sørøst-Norge (USN).                      |
|  | 1.3.4 Har fokus på rettstryggleik og lik behandling ved utøving av offentleg mynde og arbeider i tråd med vedtatte planar. |



## 2. SAMAN SKAPAR VI FRAMTIDA

### - attraktivitet for næring, bustad og besøk

| Slik vil vi ha det  | Slik gjer vi det   |
|---|--|
| 2.1 Folketalet i Midt-Telemark kommune veks på høgde med landsgjennomsnittet              | 2.1.1 Utviklar lokalsamfunnet gjennom strategisk planlegging, risikovilje og gjennomføringskraft.  |
|   | 2.1.2 Legg til rette for eit variert bustadtilbod tilpassa behov og alder.   |
|   | 2.1.3 Vidareutviklar buss- og togtilbodet.   |
| 2.2 Det etablerast 400 nye arbeidsplassar i Midt-Telemark kommune                         | 2.2.1 Prioriterer utviklingsprosjekt og samhandling med eksterne aktører.  |
|   | 2.2.2 Styrkar samarbeidet mellom næringsapparaten, landbrukskontoret og destinasjonsselskapet.   |
|   | 2.2.3 Legg til rette for nyetableringar og vidareutviklar eksisterande næringar.   |
|   | 2.2.4 Legg til rette for attraktive næringsareal.  |
| 2.3 Midt-Telemark er ein attraktiv skule- og studiestad                                   | 2.3.1 Er ein aktiv vertskommune og gir eit godt tenestetilbod for elevar og studentar.   |
|   | 2.3.2 Etablerer samarbeidsfora med USN, Studentsamskipnaden i Sørøst-Norge (SSN), Bø vidaregåande skule og Sagavoll folkehøgskule.               |
|   | 2.3.3 Samarbeider med aktørane på Campus Bø om vidareutvikling av campus og etablering av forskingspark.   |
| 2.4 Bø sentrum er eit levande regionsenter for handel og utdanning i Vestfold og Telemark | 2.4.1 Legg til rette for fortetting med bustad, næring og urbane kvaliteter i og i gangavstand til sentrum.                                      |
|   | 2.4.2 Vidareutviklar eit kompakt sentrum der detaljhandel er konsentrert til dagens handelssentrum.  |
|   | 2.4.3 Vidareutviklar kollektivknutepunktet Bø stasjon.   |
|   | 2.4.4 Prioriterer gåande, syklande og kollektivtrafikk for å stoppe veksten i lokal biltrafikk i sentrum og for å utvikle eit attraktiv sentrum. |
|   | 2.4.5 Vidareutviklar Gullbring kulturanlegg som eit regionalt kulturanlegg.  |
|   | 2.4.6 Arbeider for lokalisering av statlege arbeidsplassar til regionsenteret.   |
| 2.5 Gvarv er eit levande lokalsenter for bustad, handel og næring i Midt-Telemark kommune | 2.5.1 Legg til rette for fortetting med bustad, næring og attraktive møteplassar i og i gangavstand til sentrum.                                 |
|   | 2.5.2 Vidareutviklar kollektivknutepunktet Gvarv.  |
|   | 2.5.3 Lokaliserer offentleg tenestetilbod i sentrum.   |

## Slik vil vi ha det

## Slik gjer vi det

**2.6 Midt-Telemark er eit attraktivt reisemål med Bø Sommarland og Telemarkskanalen som fyrstårn**

2.6.1 Er ein aktiv vertskommune for reiselivet gjennom lokalt og regionalt destinasjonsselskap.

2.6.2 Støttar opp under satsingane langs aksen Lifjell-Bø Sommarland-fruktbygda-Norsjø/Telemarkskanalen.

2.6.3 Legg til rette for vidareutvikling av Akkerhaugen som reisemål og knutepunkt for reiseliv knytt til Telemarkskanalen.

2.6.4 Prioriterer utvikling og vedlikehald av offentleg infrastruktur knytt til reisemål og attraksjonar.

2.6.5 Sikrar og legg til rette badeplassar og tilkomst til friluftsområde.

2.6.6 Legg til rette for utvikling og utviding av eksisterande hytteområde.

**2.7 Midt-Telemark er ein av landets fremste kulturkommunar**

2.7.1 Legg til rette for at alle innbyggjarar har tilgang til eit godt og mangfaldig kulturtilbod.

2.7.2 Utviklar og styrker den kulturelle grunnmuren som består av bibliotek, kulturskule, kulturhus med kino, museum og aktivitet i frivillige lag og organisasjonar.

2.7.3 Legg til rette for at idrett-, kunst- og kulturaktivitet har eigna lokale og anlegg.

2.7.4 Er ein aktiv og kompetent vertskommune for lokale og regionale kulturinstitusjonar og –arrangørar.

2.7.5 Tar vare på historisk identitet gjennom sikring og formidling av kulturarven.



# 3. SAMAN SKAPAR VI FRAMTIDA

## - livskvalitet og levekår

| Slik vil vi ha det   | Slik gjer vi det  |
|--|---|
| <b>3.1</b> Midt-Telemark kommune gir gode, effektive og tilpassa tenester til innbygarane  | <p>3.1.1 Har ein arbeidsgivarstrategi som legg vekt på å rekruttere kompetanse og tilby større stillingar og gjer kommunen i stand til å yte gode og effektive tenester.</p> <p>3.1.2 Prioriterer tidleg innsats, førebygging og samarbeid systematisk på tvers av fagområde og tenester.</p> <p>3.1.3 Integrerer digitale verktøy og velferdsteknologi i tenesteproduksjonen, som gir betre trygghet for brukarane, betre tenestekvalitet og meir effektiv tenesteproduksjon.</p> <p>3.1.4 Arbeider systematisk med kvalitetsutvikling i tenestene ved hjelp av brukarmedverknad, undersøkingar, styringsdata og faglege retningslinjer.</p> |
| <b>3.2</b> Midt-Telemark kommune har ein oppvekstpolitikk som sikrar at minimum 85% av elevane fullfører vidaregåande skule                | <p>3.2.1 Aukar nivå på grunnskulepoeng ved å gi differensiert og tilpassa undervisning med høg kvalitet.</p> <p>3.2.2 Arbeider systematisk med psykososialt miljø i skular, SFO og barnehagar.</p> <p>3.2.3 Styrkar samarbeidet mellom NAV, Oppfølgingstenesta og kommunen.</p> <p>3.2.4 Vidareutviklar tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, skule og skulehelsetenesta ved målretta innsats og kompetanse.</p> <p>3.2.5 Tar inn lærlingar i alle kommunale tenester.</p>  |
| <b>3.3</b> Innbygarane i Midt-Telemark har eit aktivt og helsefremjande liv  | <p>3.3.1 Legg folkehelseperspektiv til grunn for all planlegging.</p> <p>3.3.2 Bruker kulturtenestene aktivt i folkehelsearbeidet.</p> <p>3.3.3 Vektlegg utjamning av sosial ulikskap ved utvikling av alle kommunale tenester.</p> <p>3.3.4 Utviklar tilbodet for menneske med behov for kort- og langvarige og/eller koordinerte tenester, med satsing på førebygging og lågterskel behandlingstilbod.</p> <p>3.3.5 Legg til rette for frivillig organisert og uorganisert aktivitet.</p> <p>3.3.6 Sikrar areal til nærfriluftsliv og leik der folk bur.</p> <p>3.3.7 Prioriterer utbygging og vedlikehald av gang- og sykkelnett.</p>      |
| <b>3.4</b> Innbygarar i Midt-Telemark med behov for tilpassa tenester skal kunne bu heime så lenge som mogleg                              | <p>3.4.1 Legg til rette for eit variert bustadtilbod der generasjonar kan møtast.</p> <p>3.4.2 Utviklar heimetenesta for å ivareta medisinske og praktiske behov og tryggleik for heime buande med nedsett funksjon og prioriterer aktivitetstilbod på dagtid for desse.</p> <p>3.4.3 Vidareutviklar og styrkar rehabiliteringstenesta.</p>   |
| <b>3.5</b> Alle har like høve til å delta i aktivitetar i samfunnet uavhengig av funksjonsnivå, sosial, kulturell eller økonomisk bakgrunn | <p>3.5.1 Tar imot flyktningar på nivå med statlege forventningar.</p> <p>3.5.2 Legg til rette for opne og inkluderande møteplassar.</p> <p>3.5.3 Arbeider systematisk med kommunen som ein inkluderande arbeidsplass.</p> <p>3.5.4 Utformar bygg, anlegg, aktivitetar og digitale tenester universelt slik at dei kan nyttast av alle menneske med ulikt funksjonsnivå.</p>   |

## 4. SAMAN SKAPER VI FRAMTIDA

### – innovativt, smart og grønt Midt-Telemark

| Slik vil vi ha det   | Slik gjer vi det   |
|--|--|
| 4.1 Midt-Telemark har ein innovativ landbruksnæring som aukar verdiskapinga i landbruket i planperioden                              | 4.1.1 Legge til rette for samarbeid mellom relevante kompetansmiljø, kommunen og næringa.                          |
|  | 4.1.2 Praktiserer eit strengt jordvern   |
|  | 4.1.3 Legg til rette for eit levande miljø og tydeleg profil innanfor frukt- og bær dyrking og vidareforedling.    |
| 4.2 Midt-Telemark kommune har eit miljømessig ansvarleg forbruk og produksjon og reduserer klimagassutslepp i tråd med nasjonale mål | 4.2.1 Arbeider systematisk for å redusere direkte og indirekte klimagassutslepp.                                   |
|  | 4.2.2 Prioriterer vedlikehald av eksisterande bygg og anlegg.  |
|  | 4.2.3 Baserer utbyggingsprosjekt på framtidssretta energiløysingar og materialbruk.                                |
|  | 4.2.4 Miljøsertifiserer kommunale verksemder.  |
| 4.3 Midt-Telemark har eit kompakt utbyggingsmønster som legg til rette for klimavenleg transport                                     | 4.3.1 Lokaliserer kontorarbeidsplassar, detaljhandel og publikumsretta funksjonar til region- og lokalsenter.      |
|  | 4.3.2 Sikrar infrastruktur for mjuke trafikantar ved alle utbyggingar og langs hovudvegane.                        |
|  | 4.3.3 Lokaliserer større bustadområde i tilknytning region- og lokalsentra med skule og tenestetilbod.             |
|  | 4.3.4 Samarbeider med overordna mynde om samordna areal- og transportplanlegging.                                  |
|  | 4.3.5 Fortetter med bustad og næring innanfor eksisterande sentrumsavgrensingar i region-senter og lokalsenter .   |
|  | 4.3.6 Utviklar kollektivtilbodet langs sentrale akser og bygger opp under Sørlandsbanen og Bratsbergbanen.         |
| 4.4 Midt-Telemark har attraktive, verdifulle og tilgjengelege natur- og friluftsområde   | 4.4.1 Kartlegg naturmangfald og friluftsområde.  |
|  | 4.4.2 Sikrar verdifullt naturmangfald og viktige friluftsområde i arealplanar.                                     |
|  | 4.4.3 Legg til rette i arealplanar for ein samanhengande «kyststi» langs Norsjø og Bøelva.                         |
| 4.5 Kommune, næringsliv og utdanningsinstitusjonar stimulerer saman til innovasjon og nyskaping                                      | 4.5.1 Samarbeider med næringsliv, USN og skular om digitalisering, forskning, innovasjon og grøn næringsutvikling. |
|  | 4.5.2 Tar i bruk teknologi som bidrar til tenesteinnovasjon og effektive tenester.                                 |
|  | 4.5.3 Bidrar til nyskaping og produktivitet gjennom innovative anskaffingar.                                       |
| 4.6 Midt-Telemark har god beredskap for å forebygge og handtere alvorlege hendingar og klimaendringar                                | 4.6.1 Integrerer omsyn til klimaendringar i all fysisk planlegging.  |
|  | 4.6.2 Kartlegg risiko for flaum og skred.  |
|  | 4.6.3 Sikrar og vidareutviklar blågrøne strukturer som kan handtere ekstremnedbør.                                 |

# 05

## Arealstrategiar

**Arealstrategien viser kva satsingsområda og måla betyr for arealbruken. Arealbruk som støtter opp om måla er avgjerande for måloppnåing.**

Samfunnsdelen peiker ut dei viktigaste satsingsområda og måla for dei neste 12 åra. Arealstrategien er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen og blir førande for den fyrste arealdelen av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune. Ved utarbeiding av ny arealdel vil vidareføring av ikkje-regulerte byggeområde i gjeldande arealdelar for Sauherad og Bø kommunar bli vurdert opp mot arealstrategiane.

I tråd med måla i planen vil Bø vere regionsenter og kommunesenter for ny kommune, og Gvarv får posisjon som lokalsenter. Prinsipp for senterstruktur i Midt-Telemark kommune er illustrert på neste side. Bustadbygging skal i tråd med Regional plan for areal og transport for Telemark i hovudsak bygge opp under dei to tettstadene, og øvrig utbygging av bustader skal bygge opp under grendesentra Nordagutu, Hørte og Akkerhaugen.

I allereie vedtatte reguleringsplanar ligg eit betydeleg potensiale for bustadbygging knytt til alle dei eksisterande tettstadene i Sauherad. Strategiane vil ikkje vere til

hinder for ei moderat bustadutvikling på Akkerhaugen, Nordagutu og Hørte.


### **Senterdefinisjoner fra Regional plan for areal og transport for Telemark**

**Regionsenter:** Byar og tettstader med service- og tenestetilbod som skal betene heile regionen.

**Lokalsenter:** Større sentra med fleire private og offentlege tenestefunksjonar, tilpassa befolkningsgrunnlaget. Viktig møteplass i lokalmiljøet.

**Grendesenter:** Mindre sentra med enkeltstående/få tenester eller lokal møteplass.





## Følgende strategier for langsiktig arealutvikling skal bygge opp under måla i planen:

1. Bø utviklast som regionsenter for Telemark, Gvarv som lokalsenter for Midt-Telemark kommune og Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu som grendesentra. Avgrensning av tettstadene følger prinsippa i gjeldande arealdelar.
2. 70% av bustadbygging i kommunen skal skje innanfor tettstadene Bø og Gvarv. Anna bustadbygging skal bygge opp under eksisterande grendesentra, men det skal vere høve til spredt bustadbygging og små husklynger tilknytta eksisterande bebyggelse etter gitte kriteria.
3. Det leggstil rette for fortetting med fokus på kvalitet, vassvegar og grønstruktur i kjerna av alle sentra i kommunen.
4. Det skal leggstil rette for at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport.
5. Tenesteyting med høg besøksfrekvens og detaljhandel over 800 m<sup>2</sup> konsentrast til Gvarv og Bø sentrum ved fortetting innanfor dagens sentrumsgrenser.
6. Plasskrevjande handel kan etablerast utanfor sentrum i Oredalen, Brenna og Bø handelspark.
7. Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfald skal sikrast.
8. Viktige friluft- og naturområde og tilkomst frå bustadområde skal sikrast.
9. Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivaretatt. Bruken av vassdraget skal ikkje forringe verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.
10. Det leggstil rette for variert bustadstruktur for å sikre sosiale møteplassar, mangfald og liv i nærmiljøet.
11. Fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar.

# 06

## Oppfølging av planen

### Saman skapar vi framtida

---


Utvikling av Midt-Telemark i planperioden vil ikkje berre skje i kommunal regi, men i heile lokalsamfunnet. Samskaping og samarbeid med ulike aktører er difor vektlagt i planen.

Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel som skal rullerast årleg. For Midt-Telemark kommune f.o.m. 2020 ønsker kommunen at 4-årig økonomiplan skal utgjere handlingsdelen for å få ei tett kopling mellom satsingsområde og mål i planen og prioritering av økonomiske ressursar.

Foto: Olav Orekaasa



*Saman skapar  
vi framtida*



Saman skapar  
vi framtida